



Årsmøte Hareid Idrettslag



20. mars 2024



Årsmelding frå hovudstyret i Hareid Idrettslag

Samansetjing

Hovudstyret hadde frå årsmøtet 22. mars 2023 denne samsetninga:

Leiar: Olav Sindre Rise

Nestleiar: Jeanette Teigene

Styremedlem: Harald Møller

Styremedlem: Cecilie Bjørlykke

Styremedlem: Vivian Johansen

Styremedlem: Berte Holstad Engen

Styremedlem: Kenneth Nicolaisen

Varamedlem: Geir Sæther

Varamedlem: Evelyn Røren

Styret tilfredsstillar krava til kjønnsbalanse i samansetjinga.

Olav Sindre Rise og Harald Møller har representert Hareid Idrettslag i

Hareid Idrettsråd. Rise er medlem av styret i idrettsrådet.

Styret har halde 13 møter og handsama 58 saker

Gruppe	0-5 år		6-12 år		13-19 år		Vaksne		I alt
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Menn	Kvinner	
Friidrett	1	0	35	35	15	15	13	9	124
Handball	0	0	4	44	0	21	3	23	95
Turn	35	42	50	115	0	25	11	56	334
Fotball	0	0	113	20	55	38	91	26	343
Støttemedl.	0	0	0	0	0	0	7	5	12
Heile HIL	36	42	202	214	70	99	125	199	907

Det går fram av tabellen over at Hareid Idrettslag ved siste årsskiftet hadde 907 medlemmer. Dette er ein auke på 107 i løpet av eitt år. Størst har auken nye aktive vore i turngruppa som har fått over 80 nye medlemmer etter at Basishallen vart opna i romjula 2022.

Når det gjeld detaljane i den omfattane idrettslege aktiviteten, viser vi til dei omfattande årsmeldingane frå dei aktive gruppene.

Ein enkeltutøvar synest vi likevel fortener å bli framheva i denne samanhengen. Det er Borghild Oline Holstad som dei siste åra har dominert sprint og lengde på våre kantar og etter kvart hevda seg i det nasjonale toppskjiktet for jenteklassane. I løpet nokre få hektiske sommarveker etablerte ho seg i norgeseliten under Hovudmeisterskapen for senior på Jessheim, deretter utteken til å representere landet i juniorlandskamp mot nordiske motstandarar og jubelvekene vart avslutta med deltaking i europameisterskapen for junior i Jerusalem.

Økonomi

Mesteparten av aktiviteten i hovudstyret har dette arbeidsåret har i hovudsak handla om økonomi og då først og fremst i negativ forstand. Midt i sommarferien slo den nyttilsette daglege leiaren alarm: kassa var i ferd med å gå heilt tom og lite midlar var på det tidspunktet på veg inn i nær framtid.

Turngruppa stilte velvillig opp med eit likviditetslån som hjalp oss gjennom dei første vekene.

Arbeidet med å rette opp situasjonen, gjekk langs to spor: 1) Kvifor skjedde det? og 2. Korleis kome på rett kjøøl igjen?

Konklusjonen var at rapporteringsrutinene våre ikkje var gode nok. Ikkje gode nok til at vi hadde hadde avdekka ein ganske stor, underliggende kostnadsvekst - på nær sagt alle postar.

Kostnadane til rekneskapsføring var den som skapte mest problem. Ut frå ein grunding prosess – med mellom anna – innhenting av råd frå uavhengige rekneskapskunnige, bestemte vi oss for å innhente tilbod frå andre aktørar i markanden og inngjekk til slutt avtale med Sparebank1 Regnskapshuset SMN med kontor i Hareid om føring av vårt rekneskap. Dei tok over oppdraget 1. mars.

Skal imidlertid nemne to andre prosjekt: «Revitalisering av klubbhuset som utleigeobjekt» og «Organiseringa av reinhaldet.». Det først vil bli sett i verk om kort tid, og der forventar vi gode inntekter allereie på forsommaren.

Reinhaldet har vi bestemt oss for behalde avtalen med ein ekstern profesjonell aktør som sikrar kvalitet i staden for å få arbeidet utført på frivillig basis som erfaringa syner at det er vanskeleg å halde oppe kvaliteten på.

Hovudstyret ser det som heilt naturleg at ein må sjå på kostnadane som vi har knytt til dei anlegga som vi eig og/eller forvaltar. Dette gjeld både forsikringar, oppvarming og renovasjon.

Vi har inngått avtale med eit konsulentfirma som har spesialisert seg på kartlegging av kjelder som yter tilskot til frivillige organisasjonar. Samtidig er dei behjelpeleg med å skrive presise søknader. Den første søknaden vart sendt i for nokre veker sidan.

Det kan faktisk hende at dette er eit tiltak, som akkurat no, kan gje langt betre resultat enn arbeidet med å auke sponsorportefølgjen vår.

Vi har frå hausten og heilt fram til årsmøtet langt ned eit omfattande arbeid med å auke inntektene frå sponsormarkanden. Men resultatet må seiast å ha vore magert. Jamvel om signala om nedgang i rentenivået har auka optimismen blant økonomane, er det heilt tydeleg at haldningane er langt meir avventande, på grensa til pessimistisk, i det lokale næringslivet.

Men arbeidet mot sponsormarknaden må likevel ikkje nedprioriterast, snarare aukast. For ein gong kjem det til å losne igjen. Og det behøver

ikkje vere lenge til, det er nemleg slik at mange sponsorar viser velvilje, men er avventande akkurat no.

Basishallen

Heilt frå starten har det vore klart at bygginga av ein eigen turnhall ville vere eit stort løft for Hareid Idrettslag. Trua på at det også ville gje turnsporten i Hareid eit løft, gjorde at ein likevel gjekk for denne løysinga. Det kan vanskeleg vere noko tvil om at den nye Basishallen med si moderne oppbygging og utrustning har gitt turnen eit formidabelt løft. Derimot var det ingen som kunne forutsjå at vi i det fredeleg Europa skulle bli kasta ut ei stor-krig, som endra dei økonomiske føresetnadane over store delar av verda. Men slik vart det diverre.

Vi har etter kvart fått merke at den dramatiske auken i rentenivået også verkar inn på økonomien i Hareid Idrettslag. I 2023 merka vi litt av det, men den siste renteauken kom først på slutten av året. I år vil vi merke det enno sterkare, men samstundes vil vi no gå over i ein heilt ny fase. Akkurat på årsmøtedagen overfører vi 320.785 kroner til Kommunal Landspensjonskasse som er rente for eit halvt år med to av dei tre låna våre. For ein månad sidan betalte vi inn 181.379 rentekroner for det tredje lånet.

Samtidig er det berre vel ein månad til vi får utbetalt momskompensasjonen på 4,6 millionar som vil bidra til ei stor nedbetaling av dei to byggelåna. I slutten av juni er vi lova at vel 2,5 millionar med spelemidlar skal gå inn. Når vi så skøyter på med 800.000 kroner av eigne avsette midlar, reknar vi med at begge dei to mellombelse låna skal vere ute av verda i løpet av sommaren. Då sit vi igjen med eit lån på 9 millionar kroner som er avdragsfritt i to år til. Før nedbetalinga startar og den skal vare i 30 år.

Vi har gjennom det siste året forsøkt å få sett ned den store rentebelastninga. Men det har vore heilt umogleg. Alle idrettslag som er tilsvarende situasjon får det same svaret. Men KLP har vore villige til å endre nedbetalingsvilkåra - det ville berre utsette belastninga til seinare. Det er ei belastning som vi ikkje vil utsette framtidige tillitsvalde i Hareid Idrettslag for.

Når dei mellombelse låna er konverterte seinare i år, vil handteringa av det langsiktige lånet gå sin gang – men forhåpentleg med etterkvart reduserte rentesatsar.

Personalet

Ola Kalvø Vattøy sa på vårparten opp stillinga som dagleg leiar etter å ha hatt jobben sidan juni 2020. Hovudstyret ga 22. Mars 2023 leiar, nestleiar og medlem, Berte Holstad Engen, i oppdrag å gjennomføre rekrutteringsprosessen med tanke på å få tilsett ein erstattar for Vattøy så raskt som mogleg.

Stillinga vart utlyst både i lokale media og på [finn.no](https://www.finn.no). Det melde seg seks søkjarar, tre vart innkalla til intervju. Rekrutteringsgruppa la fram sitt framlegg i styremøtet i slutten april månad. Styret godkjende samrøystes at Thobias Thon skulle få tilbod om stillinga. Thon takka ja og starta i Hareid Idrettslag 15. Juni 2023. Han arbeidde saman med Ola Kalvø Vattøy i 14 dagar. Frå 1. juli 2023 gjekk han inn i funksjonen som dagleg leiar i Hareid Idrettslag.

I tillegg er Thor Henning Andersen og kona Ann Hilde Andersen er tilsette som vaktmeister og reinhaldar i avgrensa stillingar.

«Aktiviteten som Hareid Idrettslag driv mellom barn og unge er utvilsomt svært viktig for bu-lyst og trivsel i kommunen»

Dette sitatet fra ordføra Bernt Brandal har vi fått lov til å bruke ut mot sponsorar og publikum elles.

For oss er dette ei påminning om kor viktig det arbeidet som vert drive mellom barn og unge innanfor rammene av Hareid Idrettslag. Det er viktig av og til å stoppe opp og ofre dette ein tanke.

Hovudstyret vil nytte dette høvet til å takke dei mange tillitsvalde for den jobben som vert gjort for lokalsamfunnet gjennom organisasjonen Hareid Idrettslag.

Hareid den 11. Mars 2024

Olav Sindre Rise
Leiar

Jeanette Teigene
Nestleiar

Harald Møller

Cecilie Bjørlykke Kenneth Nicolaisen Vivian Johansen

Berte Holstad Engen